

Planprogram for kommuneplans arealdel (2027-2039)

Føremålet med planarbeidet

Føremålet til dette planarbeidet er å fylgje opp mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel og langsiktig arealstrategi. Kommuneplanens arealdel er kommunen sitt viktigaste styringsverktøy i forvaltninga av areal. Det er tenkt i dette arbeidet å ha ein full revisjon av arealbruken i kommunen. Viktige tema i dette arbeidet vil vere planvask, bustad, fritidsbustad, nye næringsareal og tiltak i LNFR-område.

Kommuneplanen skal reviderast med jamne mellomrom for å halde planen oppdatert på nye nasjonale og regionale retningslinjer eller nye politiske ynskjer for arealbruk, utvikling av næring m.m. Kvart fjerde år skal det vurderast om det er behov for ein revisjon av kommuneplanen i kommunal planstrategi. Det er normalt at ein kommuneplan verte vedteke for ein periode på 12 år. Gjeldande arealdel vart vedteke i desember 2014.

Arealdelen skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa, og rammer og føringar for kva tiltak og arealbruk som skal vere tillate og kva omsyn som skal takast ved ynskje om endra arealbruk. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, planføresegner og ei planomtale, samt at det skal utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse og konsekvensutgreiing. Det skal utarbeidast planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Kva arealinnspel ynskjer vi?

For dette arbeidet ynskjer kommunen innspel til ulike utbyggingsområde frå innbyggjarar, grunneigarar og næringsliv. Innspel til areal skal leverst inn via innspelsportal:

<https://arcg.is/un94m>

Kommunen ynskjer arealinnspel på fylgjande tema for dette planarbeidet:

- areal for bustad innanfor satsingsområda Vang sentrum og Ryfoss
- ynskjer om avsett areal for spreidd bustadbygging
- næringsareal til ulike føremål
- areal for fritidsbustadar
- areal til aktivitet som aukar attraktivitet og er positivt for folkehelsa til innbyggjarar og turistar/gjester

Kva er eit planprogram?

For alle regionale planar og kommuneplanar, og for reguleringsplanar som kan få vesentlege betydingar for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakare, opplegget for medverknad, spesielt i tilhøve grupper som verte særleg råka og behovet for utgreiingar. Forslag til planprogram sendes på høyring og leggast ut til offentleg

ettersyn normalt samtidig med varsling om planoppstart. Planprogrammet fastsettes av kommunestyret.

Dersom regionale og statlege myndigheiter med interesse for saka på grunnlag av forslag til planprogram vurderer at planen kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, skal dette gå fram av uttala til forslaget til planprogram.

Føringar for arbeidet

Føringar for planarbeidet er dei lovar, forskrifter, planar og rettleiarar som er juridisk bindande. Dei legg dermed føringar for korleis kommuneplanen kan utarbeidast. Under nemnast nasjonale, regionale og lokale føringar til dette arbeidet (lista ikkje uttømmande).

Nasjonale mål og føringar:

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2023-2027)

Regjeringa skal kvart fjerde år legge fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å kunne fremme en berekraftig utvikling i hele landet. Forventningane skal fylgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane og leggast til grunn av statlege myndigheiter når dei deltek i planprosessane.

Føringsbrevet gjev forventningar til fylgjande punkt:

- Berekraftig samfunnsutvikling
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

Vidare legg fylgjande nasjonale retningslinjer føringar for planarbeidet:

- Statlige planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- Statlige planretningslinjer for klima og energi (2024)
- Rikspolitske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Rikspolitske retningslinjer for vernede vassdrag (1994)

Samt fylgjande nasjonale rettleiarar vil vere viktige for arbeidet:

- *Planlegging for spredt bolig-, fritids og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluft- og reindriftsområder (2020)*
- *Rettleiar om planlegging av fritidsbustadar (2022)*
- *Arealdelen i kommuneplanen (2022)*

Lista over er ikkje uttømmande

Regionale mål og føringar:

- Innlandsstrategien (2024-2028)
- Reiselivsstrategi Innlandet 2025-2030
- Regional plan for klima, energi og miljø (Planen gjelder fram til 2030)
- Regional plan for samfunnstryggleik (2023-2035)
- Regional plan for det inkluderende Innlandet
- Regional plan for verdiskaping i Oppland (2018-2030)
- Regional plan for samferdsel i Oppland (2018-2030)
- Regional plan for vannforvaltning i Innlandet og Viken vannregion
- Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2022–2027
- Regional plan for Gudbrandsdalslågen med sidevassdrag

Kommunens relevante mål og føringar:

Kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi (2024-2027) vart slått saman med planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 01.02.2024. Her er det gjort greie for at arbeidet med samfunnsdelen vart starta opp i 2023, revidering av samfunnsdelen vart prioritert i kommunal planstrategi (2020-2023).

I vurdering av kommuneplan er det prioritert at kommuneplanens arealdel skal reviderast med bakgrunn i ny samfunnsdel og langsiktig arealstrategi. Arbeidet vart prioritert i 2024-2026.

Kommuneplanens arealdel for Vang kommune 2015-2027

Kommuneplanens arealdel, med føresegner og plankart er utgangspunktet for planarbeidet.

I Vang har vi fire kommunedelplanar:

- Kommunedelplan Tyinkrysset (planID 2015003), siste endring i 2021
- K5- Raudalen (planID 0545K005), vedteke i 2003
- K2- Grindafjell (planID 0545K002), vedteke i 2003
- K3- Slettefjell (planID 0545K003), vedteke i 1999

For dei tre eldste kommunedelplanane er det vurdert i gjeldande planstrategi å gjennomføre ein gjennomgang då dei den gongen alle var over 15 år gamle.

Kommuneplanen sin samfunnsdel: Vang mot 2040

Samfunnsdelen har seks hovudmål:

- Vang skal vere eit inkluderande, trygt og mangfaldig lokalsamfunn
- Vang skal ha framtidretta kommunale tenester

- Vang skal drive systematisk folkehelsearbeid
- Vang skal ha eit variert og innovativt næringsliv
- Vang kommune skal vere robust og ha beredskap og kompetanse for krisehandtering
- Ta vare på det særskilte ved Vang

Under hovudmåla er det fleire delmål og strategiar som er førande for arbeidet med arealdelen. Samtidig med vedtak av samfunnsdelen vart det vedteke ein langsiktig arealstrategi som skal vere eit bindeledd mellom samfunnsdelen og arealdelen.

Langsiktig arealstrategi

Den langsiktige arealstrategien har fleire strategiar innan utvikling av sentrum og bustad, omsyn til fjell og naturverdiar, omsyn til landbruksinteresser samt generelt føringar til arealplanlegging.

Strategisk næringsplan (under arbeid)

Næringslivutviklinga i Vang er viktig for samfunnsutviklinga i kommunen generelt, og for å motvirke demografiutviklinga i Vang kommune. Vang kommune skal ha ein eigen strategisk næringsplan som legg til rette for nye og varierte arbeidsplassar. Saman med lokalt næringsliv skal Vang kommune arbeide for minst 20 nye arbeidsplassar i året fram mot 2040. Strategisk Næringsplan skal utarbeidast i tett samarbeid med næringslivet og eventuelle andre aktuelle aktørar.

Beitebruksplan 2019-2023 (under revidering)

Beitebruksplanen vil leggje grunnlag og premissar for kommunen si øvrige planlegging. Dermed kan ein føresjå arealkonfliktar tidleg i planarbeidet, i staden for å foreta einskild vurdering etter kvart som konfliktane oppstår. Beitebruksplanen vil være eit nyttig reiskap i kommunen sitt planarbeid og i samband med andre politiske avgjerder som rører ved utmarksområda og bruken av ressursane her.

Kulturminneplan for Vang

Kulturminneplanen vart vedteke i 2018. Planen peiker ut 20 utvalde kulturminne/lokalitetar i kommunen, nokre av lokalitetane ligg i dag som omsynssone c) i arealdelen. Dette er ulike kulturminne med vurdert regional og lokal verdi, dei fleste er ikkje regulert eller teke omsyn til gjennom arealplan. Fleire av dei er automatisk freda etter kulturminnelova.

Kulturminna/lokalitetane er godt beskrive i planen med forslag til områdeavgrensing. Planen har strategi om å prioritere omsynet til kulturminne i alt planarbeid.

Bustadpolitisk plan 2019-2028

Plan seier noko om kva bustadar vi kan trenge til ulike grupper og behov i eit perspektiv fram til 2030. Planen begynner å bli nokre år gammal, men gjev god kunnskap om kva utfordringar som er viktig å ta omsyn til i dette arbeidet.

Kunnskapsgrunnlag

I den kommunale planstrategien 2020 – 2023 vart det prioritert å utarbeide fylgjande temaplanar som kunnskapsgrunnlag for kommuneplanens arealdel:

Kommunedelplan for naturmangfald 2025-2033

Planen skal vere eit verktøy for å sikra og skjømte naturmangfaldet i kommunen på beste måte, gjennom å synleggjera kva som finst av naturtypar og artar, kor dei er, kva som er viktige naturverdiar og korleis desse bør takast omsyn til og takast vare på, bli forbetra eller bli restaurert. Planen skal styrke kunnskapsgrunnlaget for politiske og administrative avgjerder.

Temaplan for vassmiljø 2026-2037

Planen er eit viktig styringsverktøy for kommunens verksemd innan arealplanlegging og innan sektor for vatn- og avløp , samt for behandling av søknadar. Planen dannar grunnlag for vidare arbeid med kommuneplanens arealdel og hovudplan for vatn og avløp.

Klima og energiplan (under arbeid)

Anna relevant kunnskapsgrunnlag

I arbeidet med KU og ROS vil offentleg tilgjengeleg kartdata og anna offentleg tilgjengeleg informasjon om miljø og samfunn, og naturfare nyttast i den utstrekning det blir vurdert som godt nok. I det konkrete tilfelle der det blir vurdert at kunnskapsgrunnlaget er for mangelfullt, må det vurderast om det skal gjennomførast naudsynte kartleggingar eller om arealet bør takast ut av planforslaget.

Det er utført vegetasjonskartlegging for delar av kommunen. I planarbeidet kan vegetasjonskartet gje viktige informasjon om brukarinteresser i eit område som det skal takast omsyn til. Kommuneplanens samfunnsdel med langsiktig arealstrategi gjev ei klar føring om at vegetasjonskarta skal nyttast i arealplanlegging for å unngå dei beste beiteareala for nedbygging.

Planen si avgrensing og tema for revidering

Planvask “gjennomgang av vedteke arealbruk”

Som del av dette arbeidet skal kommunen gjennomføre «planvask». Planvask er eit «nyord» i planlegginga og omfattar ein systematisk og strategisk gjennomgang av kommunale arealplanar, som tar sikte på å sikre eit arealplangrunnlag som er oppdatert med omsyn til kunnskap, lovverk og politikk som ein har i dag.

Kommunen skal vurdere om tidlegare vedteke arealbruk svarar til dagens og framtidens forventa behov, og eventuelt ta ut eller redusere omfanget av utbyggingsareala som ikkje lenger er like aktuelle. Kommunen vil gjennomgå både reguleringsplanar og kommunedelplanar. Ein eventuell oppheving av enkeltplanar vil leggest fram som eigne sakar for politisk behandling.

Det er ein klar nasjonal forventning om at kommune skal ha gjennomgang av vedteke arealbruk som del av revisjon av kommuneplanens arealdel. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 står fylgjande:

«Ved revidering av kommuneplanens arealdel, vurderer kommunen om tidlegare godkjent arealbruk skal endres av hensyn til klima, naturmangfold, kulturmiljø, jordvern, reindrift, klimatilpassing, samfunnssikkerhet og et hensiktsmessig utbyggingsmønster»

Dette er vidare fylgt opp i den langsiktige arealstrategien som seier fylgjande:

Det skal vurderast om det er føremålstenleg å vidareføre vedteke arealbruk i høve til samfunnsnytte og ny kunnskap om naturfare, klimaendringar, vassmiljø og naturmangfald...

...Eldre reguleringsplanar som ikkje er i samsvar med ny kunnskap eller som har liten samfunnsnyttig verdi skal vurderast oppheva

Planvask er vidare anbefalt i kommunedelplan for naturmangfald sin handlingsdel som eit av dei punkta med høgast prioritet. Naturmangfaldsplanen skal vere eit viktig kunnskapsgrunnlag og er førande for dette arbeidet. Under hovudmål 1. i handlingsdelen er fylgjande tilråding:

Gjennomføre ein grundig «planvask» av alle utbyggingsområde i kommuneplan og alle eldre reguleringsplanar i Vang kommune før 2015.

Fylgjande omsyn skal vurderast i planvasken:

Naturmangfald

Planer vil sjåast opp mot registrerte naturverdiar i Artsdatabanken, Miljødirektoratet sin Naturbase og inngrepsfrie naturområde (INON). Konflikt med viktige naturverdiar gjer at planar enten må oppdaterast eller opphevast.

Myr

Myr har fleire funksjonar. Dei er karbonlager, dei er viktige for det biologiske mangfaldet og er viktige med omsyn til klimaendringar. For planar som har byggjetiltak som ligg på myrreal registrert i AR5, må det vurderast om planer skal oppdaterast eller opphevast.

Vassmiljø

Miljøtilstanden i vassdrag skal vere minst god, utbygging med utslepp nært vassdrag kan ha negativ påverknad på miljøtilstanden. Vassførekomstar sin tilstand på vann-nett skal vurderast opp mot planane sin potensielle påverknad. Der det blir vurdert at ein plan kan gjera at miljøtilstanden blir dårlegare, bør planen endrast eller opphevast.

Friluftsliv

Planer skal vurderast opp mot kunnskap om stiar og løyper, og om dei er i konflikt med, eller hindrar tilkomst til friluftsområde. Kartlagde friluftsområde i kommunen skal vere med i vurderinga.

Kulturminne

Planer skal sjåast opp mot registrerte freda kulturminne og prioriterte kulturminne i kulturminneplan. Konflikt med freda eller prioriterte kulturminne gjer at planar enten bør endrast eller opphevast.

Jordbruk (jordvern)

Planar sjåast opp mot jordbruksareal i AR5 og mot kartlaget «dyrkbar jord». Vidare må det vurderast om utbygging av planer på anna måte kan ha negative konsekvensar for eksisterande jordbruksdrift.

Skog

Planar sjåast opp mot produktive skogareal i AR5. Dersom utbygging er i konflikt med produktivt skogareal, bør det vurderast om planen skal endrast eller opphevast. Det skal leggast stor vekt på å unngå nedbygging av høgbonitet skog.

Reindrift

Planar sjåast opp mot registrerte beiteområde og trekkvegar for reindrift.

Samfunnstryggleik

Planar og utbyggingsområde må sjåast opp mot ny kunnskap om samfunnstryggleik. Aktuelle kartlag å sjekke er aktsemdskart for skred og flaum, kartlagde fareområder og dreneringsliner.

Planens alder/nøyaktigheit og føremålstenleg utbyggingsmønster

Det skal vurderast om planar har utdaterte føresegner, unøyaktig kartgrunnlag eller ligg i eit område som det ikkje er ynskjeleg å bygge ut i.

Sentrum og bustad

Vang har ein del områder med spreidd utbyggingsmønster. Bustadbygginga er som regel enten spreidd i dei ulike delane av kommunen eller konsentrert i bustadfelt. Kommunen har ein større tomtreserve for bustad i Ryfoss, mens det i Vang sentrum og Åsvang/Hensåsen er fleire ledige tomter spreidd rundt i ulike private og kommunale felt. Gjennom planvasken vil areal sett av til eller regulert til bustadføremaal bli revurdert. Det kan bli aktuelt å ta inn nye areal som er meir formålstenlege, aktuelle eller attraktive.

I den langsiktige arealstrategien blir det skilt mellom bygging av bustadar i bustadfelt og spreidd bustadbygging. Vang sentrum og Ryfoss er peikt på som satsingsområde for bustadbygging, og det er her bygging i bustadfelt skal skje.

Spreidd bustadbygging er primært tenkt som enkelståande hus. Samtidig er kommunen positive til utradisjonelle bustadløysningar som styrker eit variert bustadtilbod. Det er viktig at spreidd bustadbygging ikkje kjem i konflikt med den lokale landbruksproduksjon. Meir om spreidd bustadbygging står under avsnittet om LNFR.

I regulerte bustadfelt er det i dag ca. 62 (73 med Åsvang) tomter i kommunen som ikkje er bygd på, som i hovudsak er regulert for einebustadar og noko tomannsbustadar. I inneverande planperiode er det bygget ca. 30 einebustadar, 9 einingar i tomannsbustad og 5 leilegheiter (SSB).

Folketalet i Vang var pr. 1. kvartal 2025 1648 innbyggjarar. SSB si prognose viser eit forventa innbyggjartal i 2040 på 1922. Dette gjev ei folketalsauke på 274 personar. Den største veksten kjem i aldersgruppa eldre enn 67 år, der gruppa 80+ vil doble seg frå 2025 til 2050.

Det må vurderast om det er behov for større tomtreserve for einebustadar i kommande planperiode. Vidare er det få leilegheiter i kommunen og det må vurderast om dette kan vere eit behov for dette i høve auka i gruppa 67+. I områdeplanen for Vang sentrum er det lagt til rette for bygging av leilegheiter.

Å bu på hytta er eit tema som har vore snakk om over fleire år i kommunen. Områder med godt utbygget infrastruktur eller der hytter blandar seg med område folk bur i dag, er kanskje mest

aktuelle områder å opne for dette. Skal hytter kunne få endra bruk, må dei som utgangspunkt oppfylle dei same tekniske krava som for bustad. Vang kommune har eit stort ynskje om å legge til rette for at folk kan bu her kommunen, men det samtidig viktig at vi kan yte gode nok tenester til alle innbyggjarar.

Fritidsbustader

I Vang har vi 1847 fritidsbygg som ligg i ulike utbyggingsområde eller spreidd rundt i kommunen. I reguleringsplanar til fritid har vi ei planreserve på i underkant av 700 tomter. Totalt har Vang ein planreserve for fritidsbustad på i overkant av 9000 dekar. Totalt er det sett av 10 631 dekar til framtidige og eksisterande fritidsbustadar i kommunen (Areal- og naturrekneskap Innlandet).

I inneverande planperiode er det igangsett ca. 216 fritidsbygg med til saman 280 einingar, som betyr at nokre bygg har fleire einingar «leilegheitsbygg» (SSB). Dette utgjør ca. 20 fritidsbygg i året. I gjeldande arealdel er det vidareført areal frå tidlegare planperiodar. Det skal tidleg i planprosessen vurderast om avsette framtidige områder vidare er aktuelle.

Med bakgrunn i dei tala som er presentert over må det sterkt vurderast om det er behov for nye areal til fritidsbustad i kommande planperiode, samtidig som at areal som ikkje lenger er aktuelle kan takast ut gjennom planvask.

I Vang har vi områder som i hovudsak har høgstandardhytter og etablert infrastruktur, samtidig som vi har områder som har hytter med lågstandard og som ofte er mindre tilgjenge deler av året. I dette arbeidet bør det vurderast om det kan differensierast mellom kva områder som skal ha høg og lågstandard.

I tråd med den langsiktige arealstrategien skal utbygging av hytter skje innanfor dei etablerte hytteområda i kommunen, i fyrste omgang ved naturleg fortetting. Utbygging av fritidsbustadar skal sjåast i samanheng med bygging av privat og offentleg infrastruktur.

Vang kommune vil vidareføre satsinga på Tyinkryset og Filefjell, i tråd med gjeldande kommunedelplan og ambisjonane for destinasjonen som låg til grunn for denne.

Næringsareal

I tråd med kommuneplanens samfunnsdel skal kommunen leggje til rette for etablering av ny verksemd med næringsareal, kontorfellesskap og ulike handels- og kulturtilbod. Kommunen ynskjer difor arealinnspel på næringsareal for ulike type næringar.

Strategisk næringsplan vil nyttast for å vurdere innspel til nye næringsareal samt vurdering av eksisterande.

Landbruks-, natur- og friluftsføremål samt reindrift (LNFR)

I LNFR-område skal det takast omsyn til natur- og kulturlandskap, vassdrag, kulturminne og friluft og landbruksområde. Utgangspunktet er at LNFR-område ikkje er byggeområder, men det skal tillatast å gjennomføre naudsynte tiltak for landbruk, reindrift og gardstilknytte næringsverksemd basert på gardens ressursgrunnlag.

Fleire bustadar i kommunen ligg pr. i dag på LNFR-føremål. Samtidig er det fleire områder som er sett av til *landbruk spreidd bustad* (LSB) som i mindre grad er teke i bruk. I dei delane av kommunen det ikkje er aktuelt med regulering av bustadfelt, er denne forma for bustadutbygging aktuell. Samtidig må areal som ligg i gjeldande arealdel vurderast om vidare er behov for.

Det er i Vang ca. 500 hytter som ligg innanfor LNFR- område, ofte utan veg og med låg standard. Kommunen skal sjå på moglegheita for at hytter som ligg i LNFR-område kan få arealføremål *landbruk spreidd fritidsbebyggelse* (LSFB). For desse hyttene skal det skje ein individuell vurdering.

Utleiehytter eller andre konstruksjonar som ligg ved spektakulære plasser eller for seg sjølv i utmarksområda har vore ei voksende nisje i reiselivet dei seinare åra. Slike tiltak har i Vang vorte i fyste hand behandla som dispensasjon frå LNFR- føremålet og plankrav. Det er ynskjeleg å vurdere slike tiltak i dette planarbeid med tanke på om anna plassering og utforming. Det må vidare vurderast kor utbreitt slik bruk av LNFR- område bør vere.

Samferdsel og infrastruktur

Det skal jobbast med å sjå på moglegheita for sykkel- og trillestig på strekninga Ryfoss-Kvismo, Kvismo-Tveit stadion og Tveit stadion-Vangsnes. Det skal prioriterast å sikre trasé frå Ryfoss og nordover til Kvismo og vidare til Tveit stadion.

Kommunale tenester (infrastruktur)

Kommuneplanen sin samfunnsdel gjev oss klare tall på at Vang i åra som kjem vil få ei aukande eldre befolkning. Dette vil ha noko å seie for våre tenester og behov for omsorgsbustadar og anna infrastruktur. Den langsiktige arealstrategien peiker på at utviklinga av kommunale tenester skal primært skje i Vang sentrum.

I Vang er det eige brannstasjon i Ryfoss og Vang sentrum. Vang er del av Valdres brann- og redningstjeneste IKS, som driv denne aktiviteten til det daglige. Nye krav om arbeidsmiljøet på brannstasjonar gjer at våre brannstasjonar ikkje lenger er oppdaterte. Det har regionalt vore diskutert korleis brannvesenet bør organiserast og kvar mange stasjonar det er behov for. Vidare er det ein utfordring at Grindaheim brannstasjon (Vang sentrum) ligg innafor fjellskredsona rundt Vangsmjøsa.

Kommunen vil framover få eit behov for å fornye fleire av vass- og avløpsanlegga som vi drifter. Vi ser at det er ei klar forventning i frå overordna myndigheiter at det ved planlegging av busetnad skal vere kapasitet på avløp for det vi planleggar. Kommunen har fire reinseanlegg i drift, der Tyinkrysset RA vart utvida og sett i drift i 2025, vidare er Vang/Grindaheim, Ryfoss/Høre og Åsvang av eldre dato.

Med utvikling av Tyinkrysset som ein heilårs reiselivdestinasjon kan behovet for større kapasitet på reinseanlegg verte naudsynt. Samtidig vet vi at ei utviding er heilt avhengig av at resipienten har kapasitet til å ta i mot auka utslepp. Fløgestrøndfjorden er no overvaka for å få oversikt over kva påverknad utslepp har på resipienten, samtidig vert det no sett på andre moglegheiter av utbygger i området.

For Vang sentrum ser kommunen behov for at Vang/Grindheim RA treng fornying, da det begynner å bli utdatert. For Vang/Grindaheim RA er det ei utfordring at eksisterande anlegg ligg innafør fjellskredsona rundt Vangsmjøsa. Spørsmålet er om vi kan bygge vidare på same plass eller må finne ein ny plassering.

Retningslinjer

Gjeldande arealdel har i dag retningslinjer for dispensasjon. Retningslinjene gjev eit rammeverk ved søknad om dispensasjon i ulike saker. Det er uheldig å bruke dispensasjon i for stor grad, da dette svekker integriteten til planen det gjevast dispensasjon frå. Likevel kan det vere greitt å ha nokre føringar for bruk av denne «trykkventillen»

Det kan i dette arbeidet innarbeidast retningslinjer frå samfunnsdelen som vi meiner skal leggst vekt på i plan- og dispensasjonssaker. Dette kan vere vurdering av alternativ om bygging på grå areal. Retningslinje om netto null nedbygging av matjord og krav om matjordplan ved omdisponering av matjord.

Omsynssoner og bandlegging

Kommuneplanens arealdel skal i ei naudsynt utstrekning syne ulike omsyn og restriksjonar som har betydning for bruken av areal. Omsyn og tilhøve jf. plan- og bygningslova § 11-8 andre ledd bokstav a til e, skal markerast i arealdelen som omsynssoner med tilhøyrande retningslinjer og føresegner. Det kan angjevast fleire sonar for det same areal.

For ei omsynssone skal det i ei naudsynt utstrekning angjevast kva føresegner og retningslinjer som gjeld eller skal gjelde i medhald av lova eller andre lovar for å ta i vare det omsynet sona syner.

Omsyn til landbruk

Desember 2024 vart den norske stølskulturen skrevet inn på UNESCOs sin liste over immateriell kulturarv. I den gjeldande arealdelen har fleire stølslag omsynssone *hensyn landbruk*. Det er diskutert om fleire stølslag i kommunen bør få denne omsynssona. Vang har fleire aktive stølar med tradisjonell drift, samtidig som fleire stølar og stølslag vert halde i hevd på ulike vis som bidreg til å halde landskap og kulturmiljø levande. Med omsyn til landbruket, men og reiselivet er det viktig at stølsområda i kommunen vert halde i hevd.

Utgreiingsbehov

Konsekvensutgreiing

Alle kommuneplanar med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging skal ha ei særskilt vurdering av planen sin verknad på miljø og samfunn. Denne konsekvensutgreiinga skal omfatte dei delane av planen som fastsett rammer for framtidig utbygging eller endra arealbruk.

Konsekvensutgreiinga skal vurdere verknad av forslag til endra arealbruk einskild og samla for arealbruksendringane i planen.

Følgjande tema er valt ut som relevante for konsekvensutgreiinga(KU), i samsvar med forskrift for konsekvensutgreiing § 21 og nokre lokale tilpassingar:

- Naturmangfald
- Klimaendringar (klimagassutslepp)
- Kulturminne og kulturmiljø
- Friluftsliv
- Landskap
- Forureining og støy
- Vassmiljø
- Landbruksinteresser og jordressursar (jordvern)
- Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar (infrastruktur)
- Beredskap og ulykkesrisiko
- Samfunnstryggleik
- Folkehelse
- Tilgjengelegheit til uteområde (stiar, skiløyper og gang- og sykkelvegnett)
- Barn og unges oppvekstvilkår
- Reindrift

Før det skal utarbeides KU skal kommunen sile ut innspel som er uaktuelle å ta med i KU. Kriteria har bakgrunn i mål og strategiar for arealbruk i kommunen. Når innspel legg opp til følgjande vil dei ikkje verte teke med til KU:

- Utbyggingsområde for fritidsbustad som tek høl på nye områder eller ligg langt frå naudsynt infrastruktur.
- Utbyggingsområde eller tilkomst til utbyggingsområde på dyrka eller dyrkbar mark.
- Utbyggingsområde til bustadfelt andre stader i kommunen enn Vang sentrum og Ryfoss.
- Utbyggingsområde på myr og viktige våtmarksområde.

Risiko og sårbarheits-analyse

Det skal etter plan- og bygningslova §§ 3-1 pkt. h og 4-3 utarbeidast ein risiko- og sårbarheits analyse (ROS) for alle arealplanar og vil utgjere ein del av avgjersegrunnlaget for kommuneplanen.

Der det ikkje er sett krav om utarbeiding av reguleringsplan i eit utbyggingsområde føreslege i KPA, skal det utarbeidast ROS-analyse som viser alle risiko- og sårbarheits-forhold som er av betydning for om arealet er egna for utbyggingsføremålet, og om utbygginga kan medføre endringar i risiko- og sårbarheits-forhold.

Planprosess – organisering, framdrift og medverknad

Figur 3.1 Oversikt over den samlede planprosessen for kommuneplan.



Organisering av arbeidet

Det er kommunestyret som er planmynde og har det politiske ansvaret for den overordna planlegginga i kommunen. Politisk behandling gjennomførast i tråd med kommunens delegasjonsreglement og plan- og bygningslovas regler.

Administrativt vil planarbeidet organiserast på fylgjande måte:

Prosjektleder: Planavdelinga

Prosjektgruppe: Planavdelinga

Styringsgruppe: Kommunedirektørens leiargruppe

Kommunestyret ber kommunedirektøren utgreie og foreslå tiltak for å sikre politisk forankring og medverknad i arbeidet med kommuneplanens arealdel, slik som korleis politisk representasjon kan bidra til god forankring i partigruppene. Dersom det er behov for å etablere ei eiga politisk gruppe eller tilsvarande struktur, skal forslag til dette og tilhøyrande mandat inngå i vurderinga. Dette må vere avklart før fastsetting av planprogram

Framdriftsplan

Fase 1: Planopstart og planprogram	Tidspunkt
Oppstart administrativt	Februar 2026
Drøfting av planprogram i styringsgruppa	Februar 2026
Politisk arbeidsverkstad med planprogrammet	Mars 2026
Høyringsutkast planprogram behandlast i Kommunestyret	Mai 2026
Varsle oppstart av planarbeidet	Mai 2026
Høyring og offentlig ettersyn, planprogram	Mai-juli 2026
Vedtak planprogram	September 2026
Fase 2: Utarbeiding av planforslag	

Utarbeiding av planforslag	September 2026 – vinter 2027
Fase 3: Planbehandling	
Planforslag til behandling hjå kommunestyret	Vinter 2027
Høyring og offentleg ettersyn	Vinter 2027 - vår 2027
Ev. 2. gongs høyring og offentleg ettersyn	
Endeleg vedtak i kommunestyret	August/september 2027

Det er eit klart ynskje frå sittande kommunestyre at dei skal gjere vedtak av den ny kommuneplans arealdel i 2027.

Medverknad

Det skal vere aktiv medverknad av innbyggjarar, grunneigarar og næringsliv. Forslag til planprogram og planforslag vil verte lagt fram for ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne i høyringsperiode. Medverknadstiltak er i hovudsak tenkt ved høyring. Høyring og offentleg ettersyn skal ha frist på minst seks veker.

Aktuelle tiltak er om anna opne folkemøte og arbeidsverkstadar der befolkning, grunneigarar og næringsliv får informasjon om planforslag og kan kome med refleksjonar og merknader gjennom aktiv arbeidsverkstad. Tidspunkt og informasjon om opne folkemøte og arbeidsverkstad vil kome undervegs. Det vil bli lagt til rette for ein innspelsportal som er open for alle, der ein kan komme med innspel tidleg i planprosessen.

Under høyring og offentleg ettersyn kan innbyggjarar, grunneigarar og næringsliv kome med merknader til planforslag. Dette er ein viktig del av planprosessen, og gir høve til å gi innspel til løysingar og vurderingar som er gjort. Vi oppmodar samstundes om at nye innspel til areal kjem så tidleg som mogleg i prosessen. Når planen blir lagt ut til høyring, er det basert på eit samla og gjennomarbeidd forslag der aktuelle areal allereie er vurderte, og det er gjort nødvendige faglege utgreiingar. Dersom det kjem nye arealinnspel i høyringsfasen, vil det ofte vere behov for nye vurderingar og konsekvensutgreiingar. Dette kan føre til meir omfattande prosessar og lengre behandlingstid før planen kan ferdigstillast.

For sjølve utarbeidinga av planforslag er det planavdelinga som vil stå for, mens det er kommunestyret som skal avgjere om det kan leggest ut på høyring og vedtakast. Det er difor viktig at politiske organ blir i naudsynt grad medverka som del av prosessen. Det er tenkt at politisk organ vil bli orientert jamleg om framgang i arbeidet.

For å kunne ta stilling til areal som blir føreslege teke inn i planen, er det viktig at politikarane får god innføring i arealets betydning. I den samanheng kan det for særleg konfliktfylte areal vere hensiktsmessig å gjennomføre synfaring med politiske organ.

For å skape god forståing for både administrasjon og politikare, er tidleg dialog med overordna mynde hensiktsmessig. Ved høyring av planprogram og planforslag kan det vere hensiktsmessig å delta i regionalt planforum for å avklare kva overordna mynde tenker om forslaget og vi kan legge fram våre utfordringar. Slik kan vi hindre lange og vanskelege prosessar som må fleire gangar ut på høyring.